



Viljar Stensletten har vore med bestefaren, Kurt Haugland, på montering og tilsyn.

Mange har merka seg den vakre og lysande julestjerna i utmarka ti Frode Stensletten på nedre Fet. Lys forma i ein pyramide som eit juletre er godt synleg på Klepp på Hauglandsfjellet. Steinar Haugland hadde ideen og Kurt Haugland iverksette tiltaket. På Fet har barnebarnet Viljar vore med. Steinar Haugland har tilsynet med lysa på Klepp.

Kurt Haugland fortel til Uskedalen.no at på Klepp er det vikla ei lenkje rundt tre lekter forma som ein pyramide. På Fet har han brukt ei ombygd julelenkje forma som ei stjerne. Storleiken er ein meter frå ytterkant til ytterkant. Straumkjelda er batteri, tre stk. 3,5 volt blybatteri seriekopla til 12 volt.

I utmarka på Fet er det 100 ledd monterert på ei treramme. Batteriet held fleire dagar. Av to batteri står det eine på lading.



[Den lysande julestjerna er godt synleg i utmarka på Fet, bak Julegrana i sentrum.](#)

Kurt understrekar at ein må sjå på installasjonane i år som ein prøve. Til neste jul vert monteringa forbetra. Kurt og Viljar prøvde fyrst å plassera julestjerna lenger nede på utmarka ved utefloren nett ovom innmarka. Plassen var ikkje godt synleg. Difor vart installasjonen plassert lenger oppe i lia på ein open plass.

Lysa vert ståande så lenge noverande batteri held. Då er jula slutt og vi kan alle sjå fram til ny montering neste jul.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kurt Haugland